



Den dagen eg drog heimantå
for å dra til byen

Barnebøker for Norge

barnebok.no

Den dagen eg drog heimantå for å
dra til byen

Skrivet av: Lesley Koyi, Ursula Natula

Illustrert av: Brian Wambi

Oversatt av: Espen Stranger-Johannessen, Martine

Rørstad Sand

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barnebok.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons

[Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens.](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/deed.no)

<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/deed.no>



Den vesle busstasjonen i landsbyen min var travel og stappfull av bussar. På bakken var det fleire ting som skulle lastast. Medhjelparane ropte namna på stadane dit bussane gjekk.



“Byeni Byeni Vestoveri!” hørde eg ein medhjelpar ropa. Det var bussen eg måtte ta.



Bussen til byen var nesten full, men fleire folk dytta for å koma om bord. Nokre plasserte bagasjen sin i bagasjerommet under bussen. Andre la han på hyllene inne i bussen.



Bussen som skulle tilbake vart fylt opp fort. Det viktigaste for meg no var å byrja å leita etter huset til onkelen min.



Ni timar seinare vakna eg av høglydt
banking og roping etter passasjerar som
skulle tilbake til landsbyen min. Eg greip
fatt i den vesle veska mi og hoppa ut av
bussen.



Nye passasjerar klamra seg til billettane
sine medan dei såg etter ein stad å sitja
sidan det var trengt om plassen. Kvinner
med unge born la til rette for dei så dei
skulle få det behageleg under den lange
reisa.



Eg pressa meg inn ved sida av eit vindauge. Personen som sat ved sida av meg heldt hardt om ein grøn plastpose. Han hadde på seg gamle sandalar, ein utsliten frakk, og han såg nervøs ut.



På veggen lærte eg meg utanåt namnet på staden i den store byen der onkelen min budde. Eg mumla enno då eg fall i søvn.



Men tankane mine vandra heim. Kjøm mor
mi til å verta trygg? Kjøm kaninane mine til
å innbringe nokre pengar? Kjøm bror min
til å hugsa å vatna dei nyutsprungne trea
mine?



Eg såg ut av bussen og innsåg at eg var i
ferd med å forlata landsbyen min, staden
der eg hadde vakse opp. Eg skulle dra til
den store byen.



Lastinga av bagasjen var ferdig og alle passasjerane hadde sett seg. Gateseljarar pressa seg enno inn i bussen for å selja varene sine til passasjerane. Alle ropte namna på det dei hadde til sals. Eg syntest orda høyrdest merkelege ut.



Etter kvart som reisa heldt fram vart det veldig varmt i bussen. Eg lukka auga og håpte å få sova.



I det busen forl t busstasjonen, str a eg ut av vindauget. Eg lurte p  om eg nokosinne skulle koma tilbake til landsbyen min igjen.



Nokre f  passasjerar kj pte noko   drikk, andre kj pte sm  snacks som dei byrja   tygga p . Dei som ikkje hadde nokre pengar, som eg, berre s g p .



Desse aktivitetane vart avbrotne av tutinga til bussen, eit teikn på at vi var klare til å dra. Ein medhjelpar ropte at gateseljarane måtte koma seg ut.



Gateseljarar dytta kvarandre for å koma seg ut av bussen. Nokre gav tilbake vekslepengar til dei reisande. Andre freista i siste liten å selja nokre fleire varer.